



STORTINGET

# Representantforslag 146 S

(2024–2025)

frå stortingsrepresentantane Guri Melby, Sveinung Rotevatn, Grunde Almeland  
og Ola Elvestuen

Dokument 8:146 S (2024–2025)

---

**Representantforslag frå stortingsrepresentantane Guri Melby, Sveinung Rotevatn, Grunde Almeland og Ola Elvestuen om å suspendere norsk bistand til Rwanda som følgje av deira rolle i konflikten i Den demokratiske republikken Congo**

---

Til Stortinget

## Bakgrunn

Situasjonen i Den demokratiske republikken Congo (DRC) er svært alvorleg og prega av intens konflikt, spesielt i dei austlege delane av landet. 27. januar 2025 tok opprørsgruppa M23 kontroll over Goma, den største byen i den austlege delen av DRC. Deretter, i februar, tok M23 kontroll over byen Bukavu. Dei humanitære konsekvensane for lokalbefolkinga er allereie enorme: over 400 000 menneske vart tvinga til å flykte i januar åleine; Verdas helseorganisasjon (WHO) har åtvvara om at risikoen for smittsame sjukdomar har auka betydeleg på grunn av konflikten, og matvareprisane i Goma har skote i véret slik at mange innbyggjarar no slit med å få tak i nødvendige varer. Vidare er det ein risiko for at dette skal eskalere til ein større, regional væpna konflikt.

Tryggingsrådet i FN si ekspertgruppe på DRC har i rapporten «Final report of the Group of Experts on the

Democratic Republic of the Congo» frå 4. juni 2024 slått fast at Rwandas militære (Rwanda Defence Force (RDF)) de facto kontrollerer og styrer M23s militære operasjoner, og dermed at Rwanda er ansvarleg for M23s overgrep og ulovlege handlingar. M23 har stått for alvorlege menneskeretsbrot, inkludert drap, valdtekst og tvangsrekryttering. Trass i internasjonalt press har Rwanda halde fram med si militære støtte til M23.

Noreg har i mange år gitt bistand til Rwanda for å støtte landet sin utvikling og nedkjemping av fattigdom, men no er det nødvendig å revurdere denne bistanden i lys av Rwandas rolle i konflikten i DRC.

## Forslag

På denne bakgrunnen vert det fremja følgjande

forslag:

1. Stortinget ber regjeringa umiddelbart suspendere all norsk bistand til Rwanda inntil landet avsluttar si støtte til opprørsgruppa M23 og trekker sine militære styrkar ut av Den demokratiske republikken Congo (DRC).
2. Stortinget ber regjeringa arbeide aktivt i internasjonale forum og med fredsarbeid for å fremje ei fredelig løysing på konflikten i Den demokratiske republikken Congo (DRC) og for å sikre at alle partar respekterer menneskerettane.

26. mars 2025

Guri Melby

Sveinung Rotevatn

Grunde Almeland

Ola Elvestuen

